



Erlend Moen har takka for seg i Kvinnherad Breiband (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedelingen Erlend Moen (busett på Ljosnes) har no slutta som marknadssjef i Kvinnherad Breiband etter ein stor pionerinnsats.

Han skal tilbake til sin gamle jobb i DI Systemer AS, som programmerar med heimekontor.
Hans oppgåver framover blir innanfor utvikling av administrative system (rekneskap, fakturering og lønn).

Erlend har no i tre år arbeidd med utbyggjinga av breiband i Kvinnherad.
- Det har vore ei utruleg spanande og interessant periode med ein masse oppturar og sjølvsagt nokre nedturar.
Likevel er det resultatet av kva vi har oppnådd som pionerer i ein bransje med mykje usikkerheit og mykje nytenking som dominerer inntrykka eg sit att med.

Det seier Erlend når han no har teke farvel med KB.
Han er sikker på at dei dyktige kollegene hans vil halda trykket oppe.

Av Ola Matti Mathisen